

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Trondheim, 23.02.2024

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2023/7797

Sakshandsamar:
Ingrid Moe Dahl

Oppnemning av medlemmer til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Miljødirektoratet har delegert mynde etter naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum til å bestemme at eit særskilt oppnemnd organ er forvaltningsstyresmakt for eit område verna med heimel i naturmangfaldlova kapittel V, jf. forskrift av 8. januar 2021 nr. 65 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven og forskrift 12. januar 2021 nr. 82 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven fra Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet.

Myndet omfattar også revidering av vedtektene til nasjonalpark-/verneområdestyra og instruksen til forvaltarane.

Etter forslag mottatt frå kommunar og fylkeskommunen, og i samsvar med likestillings- og diskrimineringslova § 28, oppnemner Miljødirektoratet følgande personar til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre for perioden 2024-2027:

Frå Gloppen kommune

Karoline Aldis Bjerkeset

Personleg vara: Tord Hafnor

Frå Sunnfjord kommune

Erlend Haugen Herstad

Personleg vara: Kari Valle

Frå Vestland fylkeskommune

Tommy Sævareid

Personleg vara: Rita Navarsete

Oppnemninga gjeld også for 2028 inntil nytt styre er utnemnt.

Forvaltar orienterer dei valde medlemmene og kallar inn til konstituerande møte så snart råd er. Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

Vedlagt dette brevet finst også oppdaterte vedtekter for styret fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024 som gir føresegner om styrets mynde og oppgåvene til styret. Vedtektene er felles for alle nasjonalpark- og verneområdestyrar.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Terje Qvam
seksjonsleder

Ingrid Moe Dahl
seniorrådgiver

Kopi til:
Alf Erik Røyrvik

Vedlegg

1 Vedtekter nasjonalpark- og verneområdestyrer - januar 2024